



Referanser:

Arkivsak: 25/00374-3

Nynorsk omsetjing av Den apostoliske truvedkjenninga

Samandrag

Denne saka handlar den nynorske omsetjinga av den fyrste setninga i fyrste trusartikkel i den apostoliske truvedkjenninga (Apostolicum). På nynorsk heiter det i dag: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord». I bokmålsversjonen heiter det «Jeg tror på Gud Fader, den allmektige, himmelens og jordens skaper».

Bokmålsforma omtalar Gud som ein aktiv skapar, ikkje berre i fortida, men ein som held fram med å skape. Formuleringa «som skapte» i nynorskomsetjinga framhevar ikkje Gud som aktiv skapar på same måten. Enkelte meiner at den forma og kan gje intrykk av at Gud har trekt seg attende etter at himmel og jord vart til.

I arbeidet med saka er Språkrådet og Nemnd for gudstenesteliv (NFG) konsultert og dei har gitt sine tilrådingar. Dette sakspapiret gjer greie for bakgrunn for saka, truvedkjenninga si historie og teologiske, språklege og liturgiske refleksjonar. Til slutt vert Bispemøtet si tilråding til Kyrkjemøtet presentert.

Forslag til vedtak

Kyrkjerådet tilrår at Kyrkjemøtet gjer følgjande vedtak:

Kyrkjemøtet endrar nynorskomsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga til: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord.»

Saksorientering

Bakgrunn

Bispemøtet fekk i august 2023 ein førespurnad som omhandla nynorskomsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga sin fyrste artikkel. Fyrste artikkel i den apostoliske truvedkjenninga er på bokmål: «Jeg tror på Gud Fader, den allmektige, himmelens og jordens skaper.» På nynorsk lyder fyrste artikkel: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.»

I førespurnaden blir det lagt vekt på at bokmålsforma understrekar og framhevar Gud som ein aktiv skapar. Gud skapar ikkje berre i fortid, men held fram med å skape. Nynorskforma, «...som skapte» framhevar ikkje Gud som ein aktiv skapar på same måte. Det kan høyrest ut som om Gud skapte ein gong og gjorde seg ferdig med dette. Førespurnaden til Bispemøtet peikar på at eit slikt teologisk avvik mellom målformene, truleg ikkje er ynskjeleg. Bispemøtet vert difor oppmoda til å vurdere saka teologisk, og ber om ei ny formulering i den nynorske omsetjinga.

Bispemøtet vurderte saka og konsulterte fleire fagnemnder. Etter uttale frå Språkrådet og Nemnd for gudstenesteliv (NFG 17/23), handsama Bispemøtet saka på sitt møte i oktober 2024 (BM 46/24). Bispemøtet anbefalar at Kyrkjemøtet endrar nynorskomsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga til: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord».

1. Om den apostoliske truvedkjenninga (Apostolicum)

Denne saka handlar om den nynorske omsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga (Apostolicum). Apostolicum er ein av dei eldste vedkjenningane i kristendommen. Ho representerer eit sentralt uttrykk for kristen tru og har vore brukt i liturgiske samanhengar i hundreår. Historia til truvedkjenninga er kompleks, og utviklinga til ei samanhengande truvedkjenning heng saman med både teologiske, liturgiske og kyrkjehistoriske utviklingar.

1.1. Opphavet

Apostolicum vart opphavleg formulert for å stadfeste dåpskandidatane si tru, spesielt i møte med ulike heresiar (vranglærer) som utfordra den tidlege kyrkja.

I den romerske kyrkjelyden på 100- og 200-talet var «Den gamle romerske truvedkjenninga» (Symbolum Romanum) ei enkel vedkjenning som kandidatane erklærte før dei vart døypte. Apostolicum har sitt opphav i denne (Romanum). Sjølv om kjernen i Apostolicum kan sporast tilbake til dei tidlege kristne vedkjenningane, vart ikkje den nøyaktige latinske forma slik ho er i dag ferdig formulert før på 700-talet. Apostolicum vart gradvis utforma gjennom samspel mellom forskjellige regionale truvedkjenningar i Vesten, spesielt gjennom påverknad frå kyrkjer i Gallia (dagens Frankrike) og Roma.

Apostolicum var ein viktig del av den kateketiske undervisninga og fungerte som ei kortfatta oppsummering av den kristne trua. Vedkjenninga er strukturert i tre delar.

Kvar del omhandlar ein person i treeininga: Faderen, Sonen, og Den heilage ande. Denne tredelte strukturen reflekterer treeiningslæra sin sentrale posisjon i den teologiske debatten i dei fyrste hundreåra av kristendommen.

Truvedkjenninga sin tekst har òg referansar til sentrale kristne dogme, slik som skapinga, inkarnasjonen, Jesu død og oppstode, samt håp om det evige liv. Slik vert Apostolicum og ei oppsummering av den bibelske forteljninga, frå skapinga til den endelege forløysinga.

1.2. Historisk bruk

Gjennom historia er Apostolicum blitt brukt som dåpsvedkjenning, som ein del av dagleg bøn og i liturgiske samanhengar. Den korte, pregnante forma gjorde Apostolicum godt eigna til memorering og som pedagogisk verktøy i undervisninga, og ho vart difor tidleg brukt i katekese for å undervise born og nyomvende i dei grunnleggjande elementa av kristen tru.

I dag blir Apostolicum brukt i liturgiske samanhengar. I økumenisk samanheng fungerer ho som bindeledd mellom ulike kristne tradisjonar, og blir ofte brukt for å uttrykke ei felles tru på tvers av konfesjonelle grenser. Apostolicum er særleg nytta i den romersk-katolske kyrkja, den anglikanske kyrkja og ein del protestantiske kyrkjesamfunn.

1.3. Omsetjing til nynorsk

Den fyrste offisielle omsetjinga av Apostolicum til nynorsk vart utgjeve av Den norske kyrkja i 1889. Denne omsetjinga var ein del av arbeidet med nynorsk som kyrkje- og liturgispråk der mellom anna Elias Blix (1836–1902) var ein sentral aktør. Gjennom dette vart det språklege mangfaldet i Noreg reflektert, og nynorskbrukarar fekk høve til å delta i kyrkjelege handlingar på sitt eige språk. Etter denne fyrste omsetjinga er det nynorske språket i Apostolicum justert i tråd med moderne språknormer, samtidig som språket i vedkjenninga tek vare på det tradisjonelle og teologiske innhaldet.

2. Teologisk refleksjon om Gud som skapar

Den delen av Apostolicum som Bispemøtet gjev tilråding om å endre, er den fyrste artikkelen om Gud som skapar. I kristen teologi blir Gud sett på som Skaparen, ikkje berre i fortida, men også som ein aktiv og kontinuerleg skapar ut over tid og rom. Denne forståinga av Gud som skapar er forankra i bibelske tekstar, og i systematisk teologi vert omgrepet «*creatio continua*» (kontinuerleg skaping) brukt for å uttrykkje denne sida ved Gud.

2.1. Den kontinuerlege skapinga

Skapingsforteljningane i 1. Mosebok 1-2 viser Guds fyrste handling i å skape universet. «I byrjinga skapte Gud himmelen og jorda» (1. Mos 1,1). Det finnes òg andre stader i Bibelen som gjev uttrykk for at Guds skapingsverk ikkje er avslutta med det som skjer i dei fyrste kapitla i 1. Mosebok. Salme 104,29-30 er ein av desse stadane der Gud held fram med å skape i ein dynamisk skapingsprosess. Gud opprettheld og fornyar skapinga gjennom sin Ande. I salmen står det: «Når du skjuler ditt andlet,

forferdast dei, når du tar deira ånd bort, dør dei og vender tilbake til støvet. Når du sender din ånd, vert dei skapte, og du gjer jorda ny.»

I systematisk teologi skil ein mellom Guds fyrste skaping, «creatio ex nihilo» (skaping frå ingenting), og den kontinuerlege skapinga, «creatio continua». I «creatio ex nihilo» skapte Gud alt som eksisterer frå ingenting. Dette set Gud i ein heilt unik posisjon som den einaste sanne skapar og er eit grunnleggjande prinsipp i kristendommen. Etter denne fyrste skapinga held Gud fram med å oppretthalde universet i ei kontinuerleg og dynamisk skaparhending.

Denne kontinuerlege skapinga er òg knytt til at Gud er evig. Guds skapingsverk er ikkje avgrensa til ein augeblink i historia. Fordi Gud sjølv er evig, er Guds skaping og den kontinuerlege utviklinga i universet ein evig realitet. Eit gudsbilete kor Gud trekkjer seg tilbake etter å ha skapt i byrjinga, vert kalla «deisme». Eit deistisk gudsbilete er biletet av at ein gud eller høgare makt skapte universet, men etter skapinga ikkje lenger grip inn i verda eller påverkar menneskelege handlingar.

Thomas Aquinas uttrykte denne kontinuerlege skapinga som at Gud aktivt held oppe alt som eksisterer. Det er Guds kontinuerlege vilje og kraft som gjer at tilværet ikkje fell tilbake i ingenting. I ein kontinuerleg prosess gjev Gud liv til alt som lever og opprettheld eksistensen av alt som er til. Gud er slik både årsaka til tilværet og den som opprettheld alt i augeblinken.

Ei slik forståing av Guds nærvær i skapinga byggjer mellom anna på Johannesevangeliet, der det står at «Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til. Det som vart til i han, var liv, og livet var lyset for menneska». (Joh 1,3). Vidare vert òg Sonen omtalt som den som opprettheld alt i Kolossarbrevet 1,16-17: «For i han vart alt skapt, i himmelen og på jorda, det synlege og det usynlege ... ved han og til han er alt skapt. Han er før alt, og i han blir alt halde saman».

Ein del av trua på Guds kontinuerlege skaping er forståinga av frelse som skapingshandling. I 2. Korintarbrief 5,17 står det: «Nei, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til!». Frelse i Kristus inneber at den som trur vert nyskapt. Denne frelsa er ei kontinuerleg skaping, der Gud fornyar og transformerer menneske og heile kosmos.

Denne kontinuerleg skapinga er omtala også i Luthers forklaring til Apostolicum sin fyrste artikkel. Luther skriv i si katekisme: «Eg trur at Gud har skapt meg og alle skapningar. Han helt alt dette ved lag og gjev meg kvar dag det eg treng for å leve».

3. Språkleg refleksjon om «som skapte himmelen og jorda»

Den latinske teksten til fyrste artikkel i Apostolicum lyder: «Credo in Deum, Patrem omnipotentem, Creatorem caeli et terrae». Dette er omsett til bokmålsforma «Jeg trur på Gud Fader, den allmektige, himmelens og jordens skaper», medan nynorskomsjetjinga er «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmelen og jorda». Begge dei norske omsjetjingane svarer godt til den latinske teksten.

På den eine sida vert det hevda at bokmålsversjonen sin ordlyd tek opp i seg Guds kontinuerlege skaping på ein betre måte enn nynorskversjonen. For å formidle eit gudsbilete i tråd med bibelske tekstar og unngå deisme, kan ein argumentere for å endre den nynorske omsetjinga.

På den andre sida kan ein meine at nynorskversjonen nyttar ein meir aktiv verbform («skapte»), medan bokmål bruker ein substantivform («skaper»). Denne forskjellen kjem av den nynorske grammatikken sin tendens til å vere meir direkte og handlingsorientert. Dette synspunktet kjem godt fram i Språkrådets utgreiing av saka. Der skriv dei: «Som vi skal se, er det godt bibelsk grunnlag for den verbale formuleringen «som skapte himmelen og jorda». Hvis den er flat eller uverdigg, må man nesten si det samme om selve Bibelen.»

Nynorsk viser altså ein tydeleg preferanse for verbal uttrykksmåte. Til dømes ville ein på nynorsk normalt unngå formuleringa «vi vil understreka viktigheita av lesing av Bibelen» til fordel for «vi vil streka under kor viktig det er å lesa Bibelen». Problemet her ligg ikkje i bruken av verbalsubstantivet lesing, som i seg sjølv er korrekt nynorsk. Utfordringa oppstår når overdriven substantivbruk fører til unaturleg eller uidiomatisk nynorsk. Valet mellom former som lesing, lesar eller å lesa, bør difor styrast av tradisjonen innan målspråket og konteksten i den norske teksten. Dette prinsippet gjeld også for former som skaping, skapar, og å skapa – skaper – skapt.

3.1. Tilrådingar frå Språkrådet

I utgreiinga av denne saka har det blitt innhenta synspunkt frå Språkrådet. Språkrådet har gjort eit omfattande arbeid og utgreidd saka grundig, både ut frå eit språkleg perspektiv, men også med tydelege teologiske referansar. Språkrådet tilrår ikkje endring av omsetjinga i truedkjeninga.

Språkrådet skriv mellom anna:

Den apostoliske trosbekjennelsen på nynorsk skiller seg fra både originalteksten og alle oversettelser vi har sett, ved at Gud ikke omtales ved hjelp av en «utøverbetegnelse» (nomen agentis) avledet av verbet skape. I stedet for substantivet skaper (der latin har substantivet creator) finner vi en aktiv relativsetning som omtaler skapelsen i preteritum. Dette syntaktiske valget har blitt framstilt som «fortelling» (om fortida) på bekostning av «bekjennelse» eller til og med som «flatt».

Språkrådet mener det beste er å la den nynorske formuleringen stå. Den er innarbeidet, den har solide paralleller i bibelspråket, og den harmonerer med stilidealet i nynorsk.

Når formuleringen «som skapte ...» har stått ved lag i en tekst i over hundre år og er kjent og kjær for mange, er dét dessuten et moment i seg selv. Det bør ikke gjøres endringer i innarbeidet tekst med mindre endringene representerer klare framskritt. Både små, hyppige og lite motiverte endringer

skaper pedagogiske problemer. Hvis det var formuleringen «skaparen av himmelen og jorda» som var innarbeidet, burde nok heller ikke den ha blitt skiftet ut, i alle fall ikke alene. Det er best å justere slike detaljer som ledd i en mer helhetlig gjennomgang.

Språkrådet legg òg fram ein argumentasjon som fokuserer på bibelspråket og omsetjinga av frasar frå Bibelen. Sjølv om dette er viktig, utgjer det ikkje nødvendigvis eit tungtvegande argument mot å endre omsetjinga. Det har vore mange endringar i bibeltekstane i Noreg dei siste 25 åra, inkludert fleire revisjonar av bønna «Vår Far». Sjølv om slike endringar kan verke uvande i starten, viser erfaringa at dei raskt blir ein del av det felles liturgiske uttrykket.

Vidare høyrer bibeltekstane til ein annan språkkategori enn Apostolicum og Nikenum. Til dømes er ikkje «catholicam» eit bibelsk omgrep. I truvedkjenningane er det omsett med «allmenn» i staden for «katolsk», slik den lutherske kyrkja i USA har gjort.

4. Liturgisk refleksjon

Bispemøtet bad Nemnd for gudstenesteliv om Nemnda sitt syn på denne saka. Nemnda drøfta saka i sitt møte i september 2023 (NFG 17/23). Nemnda uttrykker forståing for det som i saka er lagt fram, og at nynorskomsetjinga kling annleis enn bokmålversjonen. I sitt vedtak skriv nemnda:

Nemnd for gudstjenesteliv har følgende innspill til Bispemøtets behandling av saken:

- Det poenget som løftes frem i brevet til Bispemøtet, er et godt poeng.
- Apostolicum leses ofte i gudstjenesten, men en språklig endring som foreslått vil ikke vanskeliggjøre det å messe eller syngre trosbekjennelsen.
- Trosbekjennelsenes innhold er viktigere enn hensynet til trykking av nye bøker.
- Problemstillingen som løftes frem er først og fremst et språklig uttrykk som kan, men ikke må, få teologiske implikasjoner.
- Dersom Bispemøtet velger å gå inn i språket i trosbekjennelsene, vil det være lurt å også se på helheten i trosbekjennelsen.
- Lang tradisjon for ett språklig uttrykk i trosbekjennelsen er ikke et hinder for å endre språket. Det vil være viktig å vurdere hvordan en endring blir opplevd.

5. Bispemøtet si tilråding til Kyrkjemøtet

Bispemøtet handsama spørsmålet om den nynorske omsetjinga av fyrste artikkel i Apostolicum i oktober 2024 (BM 46/24). Bispemøtet slår fast at Apostolicum er ei av dei viktigaste vedkjenningane i den lutherske kyrkja. Formuleringa og omsetjinga står i ein lang tradisjon og Bispemøtet meiner at det ikkje bør gjerast endringar i denne typen tekst utan at desse endringane inneber tydelege forbetringar av teksten. Samtidig har det tidlegare har vore mindre justeringar i omsetjinga av Apostolicum.

Sjølv om formuleringa og omsetjinga av den fyrste artikkelen i Apostolicum står i ein lang tradisjon og har sterke parallellar til det bibelske språket, meiner Bispemøtet at det er viktig at dei to omsetjingane av truedkjeninga på nynorsk og bokmål ligg så nær opp til kvarandre som mogleg. Mange menneske deltek i gudstenester i ulike kyrkjer og møter både nynorsk og bokmål som gudstenestespråk. Likskap i den fyrste artikkelen kan styrkje ei oppleving av at ein framseiar den same truedkjeninga på begge språk. At det elles er ulike ord, er ikkje problematisk.

Den aktive forma på bokmål rommar heilskapen i den teologiske forståinga av skapinga på ein betre måte enn den nynorske gjer i dag. Ved å endre nynorskomsetjinga kan denne heilskapen koma betre til uttrykk på nynorsk.

Bispemøtet tilrår å endre den nynorske omsetjinga til: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord»

6. Ny omsetjing

Kyrkjerådet tilrår, på bakgrunn av dei teologiske, språklege og liturgiske argumenta, samt Bispemøtet si tilråding, ei ny nynorskomsetjing av fyrste artikkel i Apostolicum. Den tilrådde omsetjinga er: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord».

«Skapar av himmel og jord» er ei teologisk forsvarleg samanfating av det bibelske bodskapen, samtidig som uttrykket er ei tydelegare og meir direkte omsetjing av språkbruken den latinske teksten.

Økonomiske/administrative konsekvenser

Endring i omsetjinga av truedkjeninga vil medføre administrativt arbeid, men Bispemøtet meiner at det ikkje er grunn til å trykkje nye bøker. Samstundes kan ein merke seg at det ikkje er like mange som før som kan Apostolicum utanåt. Difor er dette ofte ein tekst som er trykt i gudstenesteagendane. Ei endring vil difor vere enkel og ikkje så kostnadskrevjande lokalt i sokna. Dei nynorske kyrkjelydane kan òg leggje inn ei retting i sine agendar for gudstenestene, og rettingar til bruk i gudstenestebøkene kan verte publisert utan store kostnader.